

## Pressemelding

Førde, 12. januar 2011

### **Eninvest AS vil satse på fiber i Måløy**

#### ***No får innbyggjarane i Måløy mulegheit til å sikre seg framtidssretta breiband gjennom fiber til heimen.***

Eninvest har starta ei storstilt satsing på neste generasjon breiband i Sogn og Fjordane. Fiber sikkerstiller framtidssretta digitalt tenestetilbod enten det er snakk om tilgong til høgkapasitet internett, digitalt TV tilbod, IP-telefoni, videokonferanse eller andre framtidssretta tenester over nett, seier Nandor Helgheim, dagleg leiar i Eninvest as. Vi gjer prosjektet i lag med vår lokale partner, Sogn og Fjordane Energi, legg han til.

Eninvest avslørte for kort tid sidan at neste satsingsområde for fiber er Måløy. Salet har allereie starta, og i omlag ein månad framover kan innbyggjarane i Måløy vente seg besøk på døra eller bli kontakta på telefon av ein representant frå Eninvest, som vil informere om Fiber til Heimen (FTH). Dei som ynskjer det kan ta kontakt med Eninvest direkte.

#### **Folket avgjer**

I utgangspunktet er det området mellom Skramselsva og Gottebergselsva som er aktuelt for fiberutbygging. Det er eit utfordrande område å bygge ut fiber på, og det er derfor naudsynt med stor nok oppslutning frå folket for at utbygging i området skal bli lønsamt.

Eninvest har stor tru på at interessa for fiber til heimen er like stor i Måløy som i områder elles i fylket, der ein oppslutning på opp til 70 % er det mest vanlege. Eninvest har tidlegare bygd ut fiber i Førde, Florø og Stryn, i tillegg er områder i Nordfjordeid og Sandane under utbygging eller i vurderingsfasen.

#### **Pådrivar**

Sogn og Fjordane er framleis sinka i klassen. Det skal Eninvest gjere noko med.

– Fylket vårt ligg på sisplass i landet på statistikken over kundar som kan få tilgang til breiband over 25 Mbps. Vi skal vere ein viktig pådrivar for å sikre framtidss infrastruktur til innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Vi ser det som ein fordel å vere ein lokal leverandør, med kjennskap til fylket og behova her, seier Arild Fleten, Eninvest AS sin prosjektleiar for FTH.

#### **Kontaktpersonar i Eninvest AS:**

Nandor Helgheim, Dagleg leiar, mobil 970 54 370

Arild Fleten, Produktansvarleg fiber, mobil 970 54 376

#### **Kontaktperson i LocalHost AS:**

Sindre Kvalheim, Adm Dir., mobil 974 01 400

-

### **Fakta:**

#### - **Fiber:**

Ein fiberoptisk kabel formidlar lyssignal i staden for straumpulsar, noko som gjev enorm fart og kapasitet samanlikna med tradisjonelle kablar for telefon- og kabelfjernsyn. Driftssikkerheita er også mykje betre. Fiber er framtidens motorveg for informasjon.

#### - **Fiber frå Enivest:**

Med Enivest Fiber er du budd for framtida, og nye tenester som krevjar høgare kapasitet, med superraskt internett på 10, 25 eller 50 Mbps – begge vegar. Ver på nett døgnet rundt, og opplev ei heilt ny røynd når du lastar opp store filer. Etter kvart som flyten av informasjon på internett aukar, blir opplasting av filer desto viktigare. Fiber erstattar parabol- eller UHF-antennar, og gjev sylskarpe bilete og fantastisk lyd. Enivest har avtale med Get om levering av digitalt fjernsyn via fiber, med leige av film via fjernkontroll. Med fiber får du også tilgang til breibandstelefonti, skreddarsydd etter dine behov.